

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Pål Sindre Digernes	Arkiv:	
Arkivsaksnr:	25/1831 25/1831-1		

Skulerute for grunnskulane i Sula 2026-2027

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Formannskapet	25.11.2025	126/25

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula formannskap vedtek at:

- 1. Framlegg til lokal forskrift om skole- og feriedagar (skulerute) for Sulaskulen 2026–2027 vert sendt på høyring i samsvar med opplæringslova § 14-1 (2) og forvaltningslova sine krav.*
- 2. Høyringsfristen vert sett til seks veker frå utsending.*
- 3. Endeleg sak vert lagt fram for kommunestyret etter høyringsperioden, med forslag til lokal forskrift om skulerute for Sulaskulen 2025–2026. Etter vedtak vert forskrifta kunngjort i Norsk Lovtidend (Lovdata).*

25.11.2025 Formannskapet

Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

- F126/25 Vedtak:

Sula formannskap vedtek at:

1. Framlegg til lokal forskrift om skole- og feriedagar (skulerute) for Sulaskulen 2026–2027 vert sendt på høyring i samsvar med opplæringslova § 14-1 (2) og forvaltningslova sine krav.

2. Høyringsfristen vert sett til seks veker frå utsending.

3. Endeleg sak vert lagt fram for kommunestyret etter høyringsperioden, med forslag til lokal forskrift om skulerute for Sulaskulen 2025–2026. Etter vedtak vert forskrifta kunngjort i Norsk Lovtidend (Lovdata).

Kortversjon av saka:

Skulerute for grunnskulane i Sula 2027-2028

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for å legge fram forslag til skulerute for grunnskulane og vidaregåande opplæring.

Frå 1. august 2024 gjeld ny opplæringslov (LOV-2023-06-09-42). Etter § 14-1 andre ledd skal kommunen gi lokal forskrift om skole- og feriedagar (skulerute) for elevane i grunnskulen. Forskrifta skal leggjast ut på offentleg høyring før vedtak, og etter vedtak skal ho kunngjerast i Norsk Lovtidend (Lovdata).

Det er Formannskapet som sender forskrift ut på høyring.

Saksopplysningar:

Frå 1. august 2024 gjeld ny opplæringslov (LOV-2023-06-09-42). Etter § 14-1 andre ledd skal kommunen gi lokal forskrift om skole- og feriedagar (skulerute) for elevane i grunnskulen.

Opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skoleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skoleåret. Kommunen og fylkeskommunen gir forskrift om skole- og feriedagar for elevane (skulerute). Skole- og feriedagane skal planleggjast slik at eksamen og nasjonale prøver kan gjennomførast.

Forskrifta skal leggjast ut på offentleg høyring før vedtak, og etter vedtak skal ho kunngjerast i Norsk Lovtidend (Lovdata).

Det er Formannskapet som sender forskrift ut på høyring.

Økonomiske konsekvensar for Sula kommune

Skulerute fastsett av Møre og Romsdal fylkeskommune legg føringar for skuleskyss. Dersom Sula kommune endrar skuledagane i forhold til vedteken skulerute fastsett

av Møre og Romsdal fylkeskommune vil dette utløyse ekstra skysskostnader for kommunen

Juridiske konsekvensar

Ved å følgje fastsette reglar for skulerute etter opplæringslov §14-2 og reglar for høyring vil kommunen sikre korrekt skulerute for grunnskulen i Sula kommune.

Konsekvensar for innbyggjarane

Forslag til skulerute for grunnskulane i Sula, slik den ligg føre vil legge til rette for planlegging for elevar, føresette og tilsette.

Vurderingar og konklusjon:

Det er viktig med ei felles og føreseieleg skulerute som legg til rette for planlegging for elevar, føresette og tilsette. Framlegget følgjer nasjonale krav, og er samordna med fylkeskommunen si skulerute for grunnskulen og vidaregåande opplæring. Etter opplæringslova § 14-1 (2) er skuleruta ei lokal forskrift. Kommunen må derfor sende framlegget på offentleg høyring før vedtak, og etter vedtak kunngjere forskrifta i Lovdata. Forvaltningslova krev at høyringsfristen normalt skal vere minst seks veker.

Konklusjon

Framlegg til lokal forskrift om skole- og feriedagar (skulerute) for Sulaskulen 2026–2027 vert sendt på høyring i samsvar med opplæringslova § 14-1 (2) og forvaltningslova sine krav.

Høyringsfristen vert sett til seks veker frå utsending.

Endeleg sak vert lagt fram for kommunestyret etter høyringsperioden, med forslag til lokal forskrift om skulerute for Sulaskulen 2027–2028. Etter vedtak vert forskrifta kunngjort i Norsk Lovtidend (Lovdata).